
Saknr: 2020/47016-4
Saksbehandlar Svein Hågård
Dato: 23.09.2020

Til: Sekretariatet for kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rettstvistar i Vestland fylkeskommune pr. 23. september 2020

Fylkesrådmannen skal leggje fram halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet. Her er oversikta per 23. september 2020:

Eigedom

#	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
1	Vestland fylkeskommune – Tide ASA	Bergen forliksråd	Tvist om dekning av krav frå tredjemenn etter forureiningshending på eit bussanlegg drifta av Tide og eigd av VLFK	Tvistebeløp ikkje endeleg avklart. Truleg NOK 3-4 millionar	Saken vart innstilt av Bergen forliksråd 8. januar 2019. HFK hadde frå denne datoen eitt år på å bringe saka inn for dei ordinære domstolane ved stemming. Det er inngått avtale med Tide om utsett forelding.
2	Osterøykroa m.fl. – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Tvist om erstatningskrav frå Osterøykroa med fleire etter forureiningshending på eit bussanlegg som er drifta av Tide og eigd av VLFK	Osterøykroa har fremsett krav på ca. NOK 1,6 millionar	Osterøykroa og Vest Trade har teke ut stemming for Bergen tingrett. Fylkeskommunen har inngitt tilsvar med påstand om frifinjing.

Samferdsel

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
-	Sprengningsteknikk AS – Vestland fylkeskommune Avslutta	Bergen tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført entreprise (Feste kai og Vatne) i Lindås kommune. Usemje om sluttvederlag etter entreprisekontrakt.	Kravet fra Sprengningsteknikk AS utgjør kr 1.338.856 + mva, renter og kostnader.	Saka er løyst minneleg etter rettsmekling 4. juni 2020.
3	BMO Elektro AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført entreprise (oppgradering av Hagaås- og Liarostunnelane på Fv 7 i Samnanger)	Kravet fra BMO Elektro AS utgjør kr 14.315.954,- + mva	Rettsmekling vart sett til 23. september 2020, men vart utsett. Hovudforhandling er beramma til 1. september 2021.
4	HGT AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført vegentreprise på Askøy (Fv 212)	Kravet frå HGT AS utgjør 2.494.700,- + mva	HGT tok ut stemning for Bergen tingrett i mars 2020. Hovudforhandling beramma til 22. juni 2021.
	Bertelsen & Garpestad AS – Vestland fylkeskommune Avslutta	Bergen tingrett	Gjeld midlertidig forføyning. Krav om at fylkeskommunen skal forbyast å inngå kontrakt med innstilt tilbyder. Gjeld rehabilitering av 3 tunnelar i Årdal	Foreløpig ikkje fremja økonomisk krav	Bergen tingrett konkluderte i orskurd 19. mai 2020 med at VLFK hadde tolka eigne kvalifikasjonskrav feil. Det krevst ny vurdering og tildeling. I mellomtida er det oppdaga at deponi for tunnelmassar er for lite. Krav om ny reguleringsplan. Konkurransen difor avlyst.
5	Bulken Maskin AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Vestland fylkeskommune er saksøkt saman med staten i sak som gjeld rammeavtale for vedlikehold og mindre anleggsarbeid for riks- og fylkesvegar i Voss, Granvin, Ulvik, Vaksdal, Modalen, Kvam og Samnager kommunar.	Kravet utgjør ca kr 8 mill. Fylkeskommunen sin del av tvistesummen utgjør ca 90%	Resultatlaus rettsmekling i juni 2020. Hovudforhandling beramma til 16. august 2021.

6	Vetrlidsalmenn- ing 1 AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Vetrlidsalmenn- ing 1 AS har fremja krav om erstatning for påståtte setningsskadar oppstått på eigedom etter vegarbeid på fylkeskommunal veg	Erstatningskravet er beløpsfesta til ca kr 7,4 mill.	Stemning motteke i juni 2020. Tilsvar sendt. Hovedforhandling beramma til 12. – 15 april 2021
7	Kjell Magne Thomsen – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Thomsen har fremja krav om erstatning for påståtte skader på eigedom etter vegarbeid på fylkeskommunal veg (Fylkesveg 212 Slettebrekka i Askøy kommune).	Erstatning er kravd etter rettens skjøn, men oppad avgrensa til kr 1,8 mill	Stemning motteke og tilsvar sendt. Rettsmekling er sett til 27. oktober 2020. Hovudforhandling foreløpig ikkje beramma.
8	VE Anlegg AS – Vestland fylkeskommune	Sunnhordland tingrett	Gjeld sluttoppgjer etter utført vegentreprise i Fitjar (Fv 545)	Kravet frå VE Anlegg AS utgjør kr 9 577 267 + mva, renter og omkostninger	Stemning motteke og tilsvar sendt. Hovedforhandling ennå ikkje beramma.
9	Pål Sverre Moe – Vestland fylkeskommune	Nesodden forliksråd	Krav om skadebot for rettsstridig felling av tre på annan mann sin eigedom (utført av Presis Vegdrift AS som ledd i vedlikehaldsavtale for fylkesveggar i Sogn og Fjordane (Vik kommune))	Krav på tilbakeføring av tre, samt skadebot på ca 260.000	Førebels ikke handsama av forliksrådet

Bybanen utbygging

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
10	Implenia Norge AS – Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Gjeld krav om erstatning. Påstand om feil ved tildeling av tunnelentreprise (Løvtakken) i byggetrinn 4	Krav om erstatning for såkalla positiv kontraktsinteresse på kr 73.694.782,-	Stemning motteke januar 2020. Tilsvar sendt inn. Hovudforhandling beramma til 16. mars 2021

HR

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
-	NN – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Bergen tingrett	NN, som er tidligere tilsett i fylkeskommunen, har saksøkt VLFK med påstand om påståtte brot på pasientjournal- og helseregisterlova mv.	Krav om tilbakelevering av journalar, straff og erstatning mm.	Saka er rettskraftig avvist.
-	NN – Vestland fylkeskommune AVSLUTTA	Bergen tingrett	NN har saksøkt VLFK med påstand om at rettsforliket han inngjekk 23. januar 2015 er ugyldig	Krav om at rettsforlik skal kjennast ugyldig	Saka er rettskraftig avvist.
11	NN – Vestland fylkeskommune	Sogn og Fjordane tingrett	NN har saksøkt VLFK med påstand om ugyldig oppseiing av arbeidsforholdet ved X vgs. og krav om erstatning.	Krav om ugyldig oppseiing og erstatning utmålt etter retten sitt skjøn.	Hovedforhandling er beramma til 1.- 4. februar 2021.

Opplæring

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
12	NN -Vestland fylkeskommune	Bergen tingrett	Erstatningskrav som følge av påstått aktløys rettleiing frå X vidaregåande skule.	Tvistesum kr 650.000	NN har sendt inn stemning og VLFK har gitt tilsvaer. Det er tidfesta planmøte i saka 28. september 2020. Codan forsikring er medsaksøkt som solidarisk ansvarleg for erstatningskrav mot fylkeskommunen som overstig kr 250.000.

Pengekrav

	Partar	Domstol	Sak	Tvistegjenstand	Status
13	Bergen 2017 AS sitt konkursbu - Vestland fylkeskommune	Borgarting lagmannsrett	Ankande part gjer gjeldande at fylkeskommunen har bunde sin bevilgningskompetanse tilknytta «usikkerheitsavsetning» på 5,2 mill. kr.	Tvistesum kr 5 200 000	Ankesaka er tidfesta for lagmannsretten 1. og 2. desember 2020.